


Padling til Brandasund



Skinnhueneset



Brandasund

I havgapet

Padleruta her frå Skinnhueneset til Brandasund gir ei god "padle-nær-havet"-oppleving. Padlar du grøn rute er du i skjerma farvatn, men kan fleire stader langs ruta sjå ut på og nyta synet av storhavet utanfor. Langs blå og raud rute kan du møte og utfordra krevjande bølger sjølv på dagar med roleg vêr.

Padleturen gjennom Vikøysundet tar deg gjennom eit ekte kystmiljø. Frå gamalt av var fiskarfamiliar med småbruk som attåtnæring busett her. Framleis har yrkesfiskarar basen sin langs kyststripa medan fleire av husa no er restaurerte og blitt fritidsbustader.

Brandasund har alltid vore eit senter i øyriket her vest, med handel, fiske, fiskemottat, skipsbygging, transport osv. I dag er det rolegare her, men på sommarstid er det stor trafikk med fritidsbåtar gjennom sundet. Her ute er du verkeleg i havkanten. Du kan nyta synet utover havet, med stor respekt for naturkreftene.

